


Prosjektplan

Næringscluster Vest-Telemark

Utvikling av innovasjonsmiljø og samspillarenaer i Vest-Telemark



vest-telemark
næringsforum



Utarbeida av Vest-Telemark Næringsforum, Mai 2011

Prosjektplan

Næringscluster Vest-Telemark

Utvikling av innovasjonsmiljø og samspillarenaer i Vest-Telemark

Prosjekt mål


Identifisere, motivere og utvikle ulike næringsklyngemiljø med utgangspunkt i etablerte bedriftsnettverk i Vest-Telemark. Gjennom samarbeid og utvikling av næringsklynger/bedriftsnettverk/møteplassar, skape grunnlag for lønnsam vekst, utvikling og nyetablering.

Bakgrunn

Klyngeutvikling, utvikling av samhandlingsarenaer for næringsliv, er rekna for å vere eit viktig tiltak for vekst, innovasjon og utvikling. I Vest-Telemark har vi eit fragmentert næringsliv, med ein næringsstruktur som er prega av mange små verksemdar.

Vest-Telemark Næringsforum vart etablert i 2006, med bakgrunn i eit ønske om å utvikle eit felles næringsmiljø for privat næringsliv i regionen. Etter 4 års drift har ein lukkast i å etablere ein medlemsforeining med ca 100-110 medlemmer, som i sum representerar ca 40 % av privat sysselsetting i regionen. VTNF har ambisjon om vekst.

VTNF vert per i dag rekna som ein av 7-8 viktige bedriftsnettverka i Telemark. VTNF har gjennom tidlegare nettverksprosjekt etablert møteplassar som har skapt grunnlag for uformell kontakt og informasjonsutveksling. Per i dag fungerer VTNF som eit næringspolitisk talerør, tilretteleggjar for møteplassar og kompetansehevande tiltak. Dette vert ofte rekna som fase 1 i etablering av næringsklynger - den "ufarlege" delen. Figuren under viser Vest-Telemark Næringsforum sin plass blant næringsnettverka i Telemark, der ein gjennom Interklynge samarbeidet har tilgang på nettverk og kompetanse for vidare utvikling av næringsmiljøet i Vest-Telemark.



Behov for utvikling og vekst i lønnsemd

Vest-Telemark har hatt vekst i talet på arbeidsplassar dei siste ti åra, men veksten har vore mykje lågare enn i resten av landet. Seljord har oppnådd ein relativt høg vekst, men dei andre kommunane har hatt låg vekst eller nedgang. Det er fyrst og fremst arbeidsplassveksten i offentlig sektor som har svikta.

Veksten i talet på arbeidsplassar i næringslivet i Vest-Telemark var omlag som resten av landet fram til 2008, men har hatt ein nedgang dei siste to åra.

I Nærings NM som ver laga av Telemarksforskning på bl.a. oppdrag frå NHO, måler ein verksemdenes lønnsemd, vekst og grad av nyetablering. Vest-Telemark gjer det svært dårleg i siste Nærings NM, der regionen vart rangert som nummer 75 av 83 regionar. Vest-Telemark har eit relativt lite næringsliv, låg lønnsemd og få nyetableringar. Seljord er unntaket og vart rangert som nummer 19 av 430 kommunar.

Skal ein lukkast med å ivareta grunnlaget for eit lønsamt næringsliv i regionen er det stort behov for utvikling og stimulans. Ein ser at etablerarfrekvensen er låg. Samstundes ser ein at det er færre konkursar relativt sett enn på landsbasis, og sysselsettinga i regionen er god. Mykje kan derfor tyde på at næringslivet er relativt stabilt, men låg vekst og svak lønnsemd skapar store utfordringar i eit framtidsperspektiv. Med ei kraftig eldrebølgje som særleg vil råke offentleg tenesteproduksjon, er det vesentleg å oppretthalde eit attraktivt og konkurransedyktig næringsliv i regionen.

Gitt lågare etablerarfrekvens, er det sannsynleg at den mest vellukka veksten i regionens næringsliv kan skje ut frå vekst og knoppskyting blant eksisterande verksemdar. Dette kan skje på fleire måtar, men ein av dei beste formene er i dei tilfella ein får fram vekst og nyetablering mellom etablerte verksemdar - i nettverk eller fungerande klynger.

Dette er hovudgrunnen til behovet og næringslivets ønske om å gjennomføre prosjektet "Næringscluster i Vest-Telemark". Vi treng utvikling og vekst !

Forankring i regionalt og fylkeskommunalt planverk

Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark 2011 - 2014:

Mål 3: Vidareutvikling og nyetablering av verksemdar i Vest-Telemark

Satsingsområde:

Tilrettelegging og utvikling av samhandlingstiltak og næringsklynger, med formål å styrke eksisterande næringsliv og stimulere til knoppskyting, nyetablering og innovasjon.

Prosjektet er vedtatt som tiltak 3-3 i planen.

Regional plan for nyskaping og næringsutvikling, Telemark Fylkeskommune 2011.

3.3 Satsingsområde Innovasjonsmiljøer og samspillarenaer

Langsiktig hovedoppgave: Intensivere nettverksbygginga.

"Nettverksbygging og inngåelse av ulike typer allianser er blant de viktigste elementene i den samlede strategien for å styrke nyskapingen og næringsutviklingen i Telemark."

Mål:

- videreutvikle eksisterende nettverk og øke antallet aktive og vitale bedriftsnettverk,*
- at aktiviteten i disse i særlig grad styrker den faktiske motivasjonen og evnen til nyskaping og fornyelse hos den enkelte deltaker, og*
- at dette resulterer i form av nyskappings- prosjekter innen og mellom bedrifter, knoppskytinger fra bedrifter og forret- ningsmessig velfunderte nyetableringer.*

Prosjektet Næringscluster i Vest-Telemark er eit direkte svar på denne langsiktig hovudoppgåve og vil bidra til å nå fylkets utviklingsmål spesielt for Vest-Telemark.

Prosjektomtale

Vest-Telemark Næringsforum ønskjer i samarbeid med andre utviklingsaktørar og næringslivet i regionen, å utvikle nye samspillarenaer i regionen. Fokus vil vere tettare samarbeid mellom verksemder innan tilgrensande bransjar, med vilje og evne til vekst.

Gjennom kompetanse frå mellom anna VRI programmet i Telemark/ Interklyngeinitiativet / Arbeidsforskningsinstituttet (AFI), ønskjer VTNF å tilrettelegge for klyngesamarbeid innan moglege samarbeidsformer som:

- Innkjøp - tilbudskompetanse
- Organisering - kompetanseutveksling
- LEAN
- Bransjeutviklande samarbeid - utvikling av spesifikke bransjekategoriar
- Kompetanseheving - generell
- Samlokalisering av verksemder - stimulans til deltaking i fellesprogram
- Innovasjon og nyskaping - vidareutvikling og supplering av eksisterande verksemder.

Målet er å skape grunnlag for at fleire bedrifter finn saman på ulikt nivå av formalisering. Det er i dag ei rekke program for å stimulere til klyngedannelse.

I regi av Innovasjon Norge finn vi programma:

- Bedriftsnettverksprogrammet
- Arena programmet
- NCE-programmet

Gjennom SIVA - systemet finn ein:

- Inkubatorsatsing
- Næringshagekonsept

I tillegg er det ei rekkje ordningar som gir verksemder som ønskjer å inngå i samarbeid, moglegheit til å få tilført utviklingsressursar. Til dømes er samarbeid mellom kunde og leverandør eit aktuelt område, både private og offentlege kundar. Målet med arbeidet er å skape grobottn for fleire klyngealternativ i regionen, skape grunnlag for ei betre finansiering av desse samarbeidstiltaka, sikre kompetanse og ressursar for å drive prosessane og som ein konsekvens av dette skape grunnlag for lønsam vekst, og utvikling blant eksisterande og nye verksemder i regionen.

Næringslivet i Vest-Telemark er prega av mange små og mellomstore bedrifter. Veksten ligg under landsnittet, det same gjeld etablerarfrekvensen.

1.2 Prosjekt mål

Hovudmålet med prosjektet er å skape grunnlag for lønsam utvikling av eksisterande og nye verksemder gjennom tilrettelegging av næringsklynger- og næringsmiljø som arbeidsform.

Delmål:

- Vidareutvikle eit felles næringsmiljø og møteplass i regionen med utgangspunkt i Vest-Telemark Næringsforum
- Skape grunnlag for etablering av 4-6 nye samarbeidsmiljø/cluster i regionen
- Bidra til finansiering av ulike klyngealternativ gjennom kompetanse og kontaktverksemd mot ulike virkemiddelordningar retta mot utvikling av næringsmiljø
- Bidra med kompetanse og nettverk til enkeltbedrifter som ønskjer å kome i kontakt med nettverk, også utanfor regionen.
- Drive utadretta verksemd, næringspolitisk påverknad og informasjonsarbeid som bidreg til større merksemd kring samarbeidstiltak og utvikling blant verksemdene i Vest-Telemark.

1.3 Rammer

Prosjektet gjennomførast over ein 3,5 årsperiode, etter ein forstudiefase. Forstudiefase februar 2011 - september 2011. Prosjektstart september 2011. Prosjektslutt desember 2014.

Prosjektet vart vedtatt som ein del av Strategisk Næringsplan i Vest-Telemark 2011 - 2014, og vart søkt finansiert i ei samla programfinansiering sommaren 2011. VTNF er tildelt prosjektet i eige oppdragsbrev. Eksterne finansiørar har imedan avklart at prosjekt i strategisk næringsplan må handsamas enkeltvis. Ut frå dette avventar prosjektet per januar 2012 fullfinansiering

2. OMFANG OG AVGRENSING

Prosjektet skal ha fokus på det private næringslivet i Vest-Telemark. Det er tilsaman ca 3800 årsverk i privat sektor i regionen, i stor grad fordelt på mindre verksemdar.

Prosjektet skal primært rette seg mot utvikling for verksemdar i denne regionen, men vil vere ein representant og lyttepost for nettverksarbeid som skjer utanfor regionen. I forprosjektsfasen er det mellom anna etablert kontakt med næringslivet i Midt-Telemark ang. samarbeid om Lean-kompetanse.

Prosjektet vil gjennom VTNF vere regionens representant i Interklynge samarbeidet i Telemark.

Prosjektet skal gjennomførast innan ei økonomisk ramme på 2,2 mill NOK over ein 3,5 års periode. Inkludert i denne satsinga ligg ein eigen modul knytt til kurs/kompetansedelen i arbeidet med leverandørutvikling av verksemdene i Vest-Telemark, som skal gjennomførast av Vest-Telemark Næringsutvikling (VTNU). Denne er stipulert med ei kostnadsramme på 300.000 kroner. I tillegg ligg det inne ei ramme for utvikling/forstudie på kr 100.000.

Prosjektet organiserast etter PLP modellen:

PE: Vest-Telemark Rådet
PA: Næringsgruppa i Vest-Telemark/ Styret i VTNF
PL: VTNF v/ dagleg leiar

3. ORGANISERING

3.1 Prosjektleiing

Prosjektet vil ta utgangspunkt i bedriftsnettverket Vest-Telemark Næringsforum (VTNF).

Dagleg leiar i VTNF vil vere prosjektleiar. Naudsnt kompetanse vil kjøpast inn via samarbeidspartnarar eller eksterne leverandørar.

Vest-Telemark Næringsforum er ei bedriftsforeining for private verksemder i Vest-Telemark. Foreininga vart starta i 2006. Per mars 2011 har foreininga ca 110 medlemsverksemder og representerar ca 1500 arbeidsplassar i privat sektor, som tilsvarar ca 40 % av private arbeidsplassar i regionen. Foreininga er i vekst.

VTNF har ut frå sin funksjon som regional aktør, med såpass stor del av næringslivet i medlemsmassa, blitt valt av VT Rådet til å vere prosjektleiar for prosjektet.

3.2 Øvrige roller

Ein vil legge vekt på eit betydeleg samarbeid med fleire aktørar i og utanfor regionen:

- Enkeltbedrifter
- Kommunar
- Vest-Telemark Næringsutvikling
- Midt Telemark Næringsutvikling
- Innovasjon Norge
- Samhandlingsforum for Innovasjon og Nyskaping i Telemark (SIViT)
- Connect Norge
- Telemark Fylkeskommune
- Interklynjesamarbeidet i Telemark (i regi av VRI programmet)
- NHO og andre bransjeorganisasjonar
- FoU-miljø

4. BESLUTNINGSPUNKT, OPPFØLGING OG MILEPÆLAR

4.1 Beslutningspunkt

- Vedtak Strategisk næringsplan 29. mars 2011
- Avklaring av ansvar - tildeling av oppdragsbrev frå VTR 14. april 2011.
- Endeleg handsaming av prosjektplan 24. mai 2011
- Forstudie avslutta august 2011. Avventar fullfinansiering av tiltak i Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark 2011 - 2014.
- Prosjektstart september 2011

- Informasjonsunde / møteserie november 2011 - mai 2012
- Avklaring av endeleg satsing - klyngemiljø september 2012
- Evaluering/ undervegskonklusjon februar 2013
- Avklaring om vidare framtidig august 2014.
- Prosjektslutt desember 2014

5. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING

5.1 Kritiske suksessfaktorar

- Tilgang på tilstrekkeleg antal bedrifter som ønskjer å vidareutvikle seg
- Respons i virkemiddelapparatet for å tilrettelegge for formaliserte klyngesamarbeid
- Evne og vilje til å utvikle attraktive konsept som skapar entusiasme og vilje til å delta i nettverk
- Evne og kompetanse til å sette viktige saker på dagsorden, skape interesse og meirverdi for dei verksemdene som deltek i ulike klyngesatsingar, enten spesifikt eller generelt.
- Sikre ei finansiering av prosjektet som mogleggjer utvikling av attraktive tilbod, rammer og møteplassar som opplevast som attraktive.
- Sikre samhandling med andre næringsmiljø i Telemark samt gode samarbeidsrelasjonar med lokale og regionale styresmakter og virkemiddelapparat.

5.2 Kvalitetssikring

Prosjektet vil legge stor vekt på at aktivitetane skal vere brukarstyrte. Tiltak og resultat av desse vil bli gjenstand for diskusjon og evaluering i styret i VTNF. Enkelte problemstillingar vil også løftas inn for Næringsgruppa i Vest-Telemark.

Ved utforming av tilbod vil ein i stor grad basere tilbod på konkrete tilbakemeldingar frå verksemdar. Ein vil også gjennomføre enkle evaluerings- og tilbakemeldingsrutiner for aktørar som er involvert.

Deltaking i ulike fora og samanhengar saman med viktige beslutningstakerar vil bli prioritert. Prosjektet vil syte for informasjon og oppdateringar om framdrift gjennom eigne nyhets saker og nyhetsbrev for å sikre forankring.

6. GJENNOMFØRING

6.1 Hovudaktivitetar

1. Konkret arbeid med ulike verksemdar og klyngemiljø, identifisering og utvikling av klynger. Identifisere behov, vilje og evne til bransjespesifikk satsing blant klynger av verksemdar med mål om vidare formalisert samarbeid. Målsetting om etablering av eit nettverk som kan kvalifisere til ARENA programmet i regi av Innovasjon Norge.

Samarbeide tett med regional satsing på andre regionale nettverksinitiativ, bl.a. SIVA Næringshage etablering. Identifisere samarbeidsformer som kan kvalifisere til ev andre virkemiddelordningar.

2. Utvikling av faste møteplassar - innovasjonsforum 1-3 per år. Med ekstern erfaringstilføring. Søke etablert samarbeid med finansinstitusjonane som er del av VTNF.
3. Kompetanseheving (døme på tema):
 - Kapitaltilførsel og virkemiddelbruk
 - Lisensiering og patentering
 - LEAN
 - Sosiale medier/WEB
 - Innovasjon
 - Skatt
 - HMS
 - Personal
4. Etablere Leverandørutvikingsnettverk for verksemder med særleg vekt på tilbydarar inn i offentlege innkjøpsordningar. Det er planlagt eige kurs/kompetansetiltak innan feltet som ein del av prosjektet (i regi av VTNU), og det er lagt opp til eit tett samarbeid med NHO sitt Leverandørutviklingsprogram. Satsinga vil bli vurdert vidareutvikla i eige prosjekt - "Vest-Telemark tilbods- og innkjøpsportal".
5. Bedriftskontakt - "Speed-dating" - forsøksvis kopling av verksemder i regionen som kan utvikle samarbeid med mål om nyskaping vekst og auka lønsemd.
6. Conect - Norge - Tilrettelegging for gjennomføring av Springbrett-prosesser i Vest-Telemark. Arrangere eit eller fleire møter der verksemdene i regionen får høve til å møte Connect, med fagspesifikke tema t.d. patentering/lisensiering.
7. Knytte tettare band til andre bedriftsnettverk i Telemark (ICG, Green Business, IKT Grenland, Lean m.fl), som koordinerast i VRI (Interklynge-konsept). Kontaktarena er Interklyngegruppa i Telemark (ein del av VRI programmet) der VTNF er medlem.
8. Samarbeid med etablerte arenaer i Vest-Telemark f.eks. VT Konferansen (som hadde utvikling knytt til nettverk og eksisterande verksemder som hovudtema i 2010), Næringslag lokalt, Inkubator/næringshage miljø m.fl.
9. Etablere samspillarenaer mellom offentleg rådgivingsapparat og privat næringssektor:
 - Aktiv bruk av næringsnettverket i Vest - Telemark (arbeidsgruppa for Strategisk Næringsplan)
 - Tett kontakt med etablerarkontor og næringsrådgjeving VTNU
 - Tett kontakt med styrande organ (Enkeltkommunar og VT Rådet)

7. ØKONOMI

Budsjettforutsetningar

Timepris 690 kr/time.

Alle prisar inkl mva.

Kostnadselement	2011	2012	2013	2014	Sum
Forstudie, prosjektplanlegging, avklaringsrundar	100.000				100.000
Konkretisert forretningsmessig samarbeid, clusterutvikling. 300 timar pr år	200 t 138.000	300 t 207.000	300 t 207.00	100 t 69.000	900 t 621.000
Møteplassar 2-3 møter - felles pr år m ekstern foredragshaldar. Planlegging, gjennomføring, evaluering - samt kostnader til lokale og foredragshaldar.	40.000	75.000	75.0000	75.000	250.000
Innkjøpsnettverk (VTNU)					300.000
Bedriftskontakt - i forbindelse med fellesmøter og enkeltvis - Oppfølgande arbeid - etterkontakt - formidling. Samtaler med bedriftsrådgiverar - klyngefasilitatorar. Tilrettelegging for springbrettprosess.		110.000	100.000	100.000	310000
Kvalifisering virkemiddelprogram, søknadsprosedyrer.					Under prosjektled else
Interklynge Telemark - møteverksemd					Under Prosjektled else
Kompetansetiltak, kurs	40.000	40.000	40.000	40.000	160.000
Etablerte møtearenaer i Vest-Telemark. Utvikling samspillarenaer. Tidsbruk div møteverksemd.	30.000	60.000	60.000	30.000	180.000
Prosjektledelse					279.000
Sum					2.200.00

Finansieringsplan:

Finansieringskjelde	Status	Beløp
Avsett frå Fellesfondet til tiltak i Strategisk Næringsplan. (Bl.a ikkje nytta RDA midlar)	Avhengig av endeleg handsaming i næringsgruppe og i VT Rådet.	900.000 2011: 250.000 2012: 250.000 2013: 200.000 2014: 200.000
Telemark Fylkeskommune	Avhengig av handsaming og utvikling i arbeidet med strategisk næringsplan.	1.000.000 2012:300.000 2013: 350.000 2014: 350.000
Næringslivets andel Tidsbruk, eigedel bedrifter, deltakaravgifter etc. Eigenandel Innkjøpssamarbeid er ca 50.000. *	OK	300.000

* Eigel del reknast både i form av medgått tid samt eigedel i møter, arrangement etc.

Fyresdal 22. januar 2012

Olav A. Veum
Vest-Telemark Næringsforum

Vedlegg: Omtale av innkjøpssamarbeid

Vedlegg: Status Klyngeinitiativ/nettverkssamarbeid i Vest-Telemark per januar 2012.

Tiltak: Gjennomføre kompetanseheving knytt til lokale verksemders kvalifikasjonar knytt til lokal innkjøpsordningar:

Store vareleveransar vert i dag transportert inn i regionen til kommunar og offentlege verksemdar. Noko av desse leveransane kunne vore levera lokalt til konkurransedyktige vilkår. Satsinga på å utvikle sterke lokale leverandørar i Vest-Telemark er derfor eit viktig bidrag for å vidareutvikle og styrke det lokale næringsliv. Mange bedrifter i regionen manglar kunnskap og kompetanse om regelverk, metodikk og måtar å organisere kommunale og offentlege innkjøp på. Det er heller ingen regional møteplass / arena kor kommunale innkjøparar og bedrifter møtes. Det vil derfor vere viktig å få til eit tett samspill mellom kommunal sektor og regionen sitt næringsliv.

Målsettinga med aktiviteten er å:

- Få til nettverkskopling i regionen mellom offentlege innkjøperar og aktuelle leverandørar/bedrifter.
- Få fram og drøfte kva for tilhøve / kriterier som skal til for at lokal leverandør skal oppnå leveransar / avtaler.
- Etablere ein lokal/regional møteplass mellom offentleg verksemdar og leverandørar.
- Gi tidleg informasjon om planlagte kommunale innkjøp.
- Informere næringslivet om regelverk og prosedyre på området offentlege innkjøp.

Aktivitetar i tiltaket:

- Utvikle kompetanseutviklingprogramet: Leverandørkurset - Korleis selje til kommunar og offentlege verksemdar i Vest-Telemark? Arrangere kurs i LOA / anskaffelsesprosessar /Doffin.
- Etablere møteplass for kommunale/offentlege innkjøpere og bedrifter. Lokale innkjøpsordningar.
- Få fram og bruke avtaleformer og tildelingskriterier som passar lokalt næringsliv.
- Nettverkskopling av fagmiljø i regionen og KSI(Kommune Sektorens Innkjøpsforum)
- Gje lokale bedrifter informasjon om planlagte kommunale innkjøp i regionen og i nærmarknaden. Utvikle ein felles kunngjeringsbase i regionen.

Vedlegg 2: *Statusrapport til Styret i VTNF (PA) per januar 2012*

Næringscluster i Vest-Telemark eit prosjekt som VTNF har fått ansvar for i regi av Strategisk Næringsplan. Arbeidet med dette er i gang. Det følgjande er ein kort status av dei initiativa som er i gang:

Etablering av SIVA Næringshage i Telemark.

Vest-Telemark Rådet vedtok i april 2011 at ein skulle satse på å sende søknad frå to næringshagemiljø i Vest-Telemark, eit i Fyresdal og eit i Kviteseid. VTNF vart engasjert i arbeidsgruppa for SIVA satsinga i regionen og vart i tillegg engasjert i å lage søknad for miljøet i Fyresdal. Dette har vore separat prosjekt i 2011 saman med Faun Naturforvaltning. Etter handsaming i SIVA og TFK er resultatet at Kviteseid sin hage er tatt opp i Næringshageprogrammet, medan søknaden frå Fyresdal ikkje kom med i denne runden. Miljøet i Fyresdal er imedan oppmoda om å revidere sin søknad og har fått økonomisk stønad til å gjennomføre dette. Clusterprosjektet vil vidareføre samarbeidet ut frå etableringa av næringshagane. Dette vil bli viktige miljø for vidare utvikling i regionen framover.

Lean-forum i Vest-Telemark

Prosjektet har i samarbeid med Midt Telemark Næringsutvikling arrangert LEAN game, der 4 verksemder frå Vest-Telemark fekk delta. Kurset vart arrangert 19. januar 2012, og ein vil vurdere ei vidareføring av samarbeidet med mål å etablere eit LEAN forum for produksjonsbedrifter i regionen.

Innkjøpsamarbeid/leverandørutvikling

I samarbeid med Telemark Fylkeskommune og Litt Mitt (NorConsult/Hauglid), er ein i ferd med å iverksette eit forstudie for å etablere ein innkjøpsportal for regionen som i tillegg skal danne utgangspunkt for tilbydar- og leverandørutvikling. Ein har førebels hatt eit innleiande møte med Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) som forvaltar DOFFIN. Målet er å etablere eit tilbydar-cluster av verksemder i regionen. Det er også innleia samarbeid med NHO som skal gjennomføre eige leverandørutviklingsprogram i Telemark i 2012. Møte 25. januar 2012.

Best på WEB i Telemark

I samarbeid med prosjektet BEST på WEB i Telemark er det arrangert eit gratis 2-dagarskurs i bruk av sosiale media. Vidare vil verksemder med ambisjon om å bli betre på WEB bruk få tilbud om å bli med i brukarforum til prosjektet "Best på WEB i telemark". Prosjektet er initiert av IKT Grenland, og vil gjere det mogleg for relevante verksemder i VT å inngå i eit større WEB nettverk. Det var tilsaman 17 deltakerar på kursrunden i november. Open samling for aktuelle bedrifter 26. januar 2012.

Vest-Telemark konferansen

VT Konferansen er definert som ein viktig arena for utvikling av næringsmiljøet i regionen, og VTNF sin tidsbruk inn i dette er ein del av Næringsclusterprosjektet. Konferansen har hatt godt fokus på næringsliv dei siste åra. For konferansen 2012 er tema Næringsvenneleg offentleg sektor, og hovudinnleiar er John G. Bernander frå NHO. Dagleg leiar skal leie debatten på slutten av konferansen.

Prosjektadministrasjon

Prosjektet er vedtatt av VT Tinget, og VTNF har fått i oppdrag å gjennomføre prosjektet. Det er også VT Rådet som har ansvar for finansiering, men det er prosjektleiars ansvar å syte for

søknader etc. Ein har førebels forsøkt å få alle prosjekta i Strategisk Næringsplan finansiert som ei pakke, men dette har ikkje lukkast. Det skal derfor sendast separate prosjektsøknader i februar 2012. Ny prosjektplan for prosjektet er derfor under utarbeiding, og vil bli lagt fram i styremøtet 24. januar.